

Norges vassdrags- og energidirektorat  
Postboks 5091 Majorstuen  
0301 Oslo

Bergen, 5.10.2014

## **Høringsuttale om overføring av Flatavatnet, Klenavatnet og Smørtjørna til Frøland kraftverk**

Naturvernforbundet Hordaland (NVH) har motteke BKK sin konsesjonssøknaden for overføring av Flatavatnet, Klenavatnet og Smørtjørna i Vaksdal til Samnanger for å auka kapasiteten ved Frøland kraftverk.

### **Generelt om tiltaket**

Tiltaket går ut på å overføra dei tre nemnde vatna, som alle ligg på 720-750 meters høgde, til Herfangen (690 moh) og vidare i eksisterande tunnel til Svartavatnet. Dette skal skje ved å demma opp mot Vaksdal og riva demningen som tidlegare var bygd i Flatavatnet og Klenavatnet mot Samnanger. Dessutan skal elva frå Smørtjørna mot Kjerringatjørna demmast opp og overførast gjennom ein ca 100 meter lang tunnel / kanal til Klenavatnet. Dette skal gje ein tilleggseffekt på Frøland kraftverk på 18.4 GWh.

### **Landskap, hydrologi og friluftsliv**

Tiltaket er betydeleg redusert i forhold til dei opphavlege planane for overføring av Vaksdalsvassdraget til Samnanger, og medfører difor ein langt mindre reduksjon av vassføringa, og mindre naturinngrep i form av vegar, røyr-gater og steintippar. Likevel medfører dei reviderte planane overføring av eit nedbørsfelt på 3.7 km<sup>2</sup>. Noko av dette har også tidlegare rent mot Samnanger.

Det står på side 29 i søknaden at det ikkje vil bli bygd vegar, men det står lite i søknaden om korleis ein tenkjer ein seg at dei planlagte dammane og røyr-gatene skal byggjast, og korleis dammane i Flatavatnet og Klenavatnet mot Samnanger skal rivast – bortsett frå at det skal opprettast riggområde på dei aktuelle stadene. Er det ved helikopterdrift eller på annan måte som ikkje etterlet inngrep? Det står på side 15 at dammen mot Samnanger i Klenavatnet skal dumpast i vatnet, som samstundes skal senkast md 3-4 meter, altså eit betydeleg inngrep i vatnet. Noko liknande er truleg planlagt når det gjeld steinmassane frå kanalen mellom

Smørtjørna og Klenavatnet, men er ikkje nemnt. Det burde vore nemnt i konsekvensvurderinga korleis dette vil verka inn på fiskebestanden i vatna og på det akvatiske miljøet elles.

Ser vi på hydrologikurvene i vedlegget, og på hovuddata side 8, er det rekna med ei minstevassføring på 24 l/s ut av Flatavatnet, tilsvarande 5-persentilen, dvs. 95% reduksjon i forhold til middelvassføringa i sommarmånadene (mai-september), og tilsvarande ut av Klenavatnet og Smørtjørna. Det blir redusert vassføring på heile strekningen ned til fjorden (10.4 km) varierende frå 95% ut av Flatavatnet til 80% inn i Fossavatnet, 60% i fossen, 40% i Lonane og 10-20% lenger nede mot Vaksdal. Reduksjonen blir mindre nedover i vassdraget på grunn av tilsig frå restvassføring. Den reduserte vassføringa øvst i vassdraget (Herfindalen), inkludert fossen ut av Fossavatnet, er det største landskapsinngrepet, dersom ein godtek påstanden om at det ikkje skal byggjast anleggsvegar og steintippar. Området kring dei tre vatna er mykje brukt lokalt som turområde for Vaksdal, det går skogsbilveg oppover både Herfindalen og Sædalen, og det er ein del hytter kring Fossavatnet. Det er uklart korleis ein har tenkt seg å deponera steinmassane frå den 100 meter lange tunnelen frå Smørtjørna til Klenavatnet. Dersom desse skal dumpast i Klenavatnet, burde det vore nemnt i søknaden, og det er kritikkverdig at det ikkje er gjort.

### **Biologisk mangfald**

Overføringa reduserer vassføringa i fossen ut av Fossevatnet med 60%, der det er registrert fossesprøytsone.

Det er observert bestand av bekkeare i vassdraget, både i Flatavatnet, Kjerringatjørna og nedover vassdraget i Herfindalen. Den vil bli påverka negativt av ein reduksjon i vassføringa på 95% ut av Flatavatnet, 60% ut av Fossevatnet og 40% i Lonane.

Dei registrerte raudlista artane (hubro, kongeørn, strandsnipe, fiskemåke og diverse spetteartar) vil bli forstyrre i anleggsperioden.

Fossekall er observert, og vil bli påverka negativt av redusert vassføring. Den stod på raudlista før 2010.

### **Konklusjon**

Sjølv om overføringa representerer eit langt mindre inngrep enn dei opphavlege planane, så er Naturvernforbundet Hordaland likevel skeptisk til utbygginga,

fordi den medfører sterkt redusert vassføring i øvre deler av vassdraget, med konsekvensar for bekkeare, fossefall og vassføringa i fossen.

Naturvernforbundet Hordaland går difor primært inn for nullalternativet, og dersom det skal skje ei overføring, så stiller vi som krav at minstevassføringa ut av Flatavatnet skal aukast frå 24 til 72 l/s, altså frå 5% til 15% av middelvassføringa i sommarmånadene, og at alle konsekvensane at inngrepet skal synleggjerast.

For Naturvernforbundet Hordaland  
Synnøve Kvamme  
leiar

Oddvar Skre  
saksbehandlar